

# Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 3. april 2014 kl. 14:00 – 18:00  
Møtestad: Møllendalsbakken 9, Bergen

**Styremøtet var ope for publikum og presse på konferansetelefon.**

## Deltakarar frå styret:

Maria Borch Helsengreen  
Olav Godtfred Clausen  
Jon Bolstad (*video*)  
Inger Cathrine Bryne  
Anne Sissel Faugstad  
Per Karlsen  
Marianne Saugestad  
Nina Carstens  
Bente Mari Rolfsnes

Leiar  
Nestleiar  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem

## Forfall frå styret:

## Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerende direktør  
Ola Rye, Økonomisjef  
Thomas Garnes, Konsulent

Øystein Rune Torgauten, Fagdirektør deltok på sak 13/14, 18/14 og 20/14  
Berit Berntsen, Personal- og organisasjonssjef deltok på sak 13/14, 18/14 og 20/14



## Sakliste

### Ope del

|           |     |                                                     |
|-----------|-----|-----------------------------------------------------|
| Sak 10/14 | B   | Godkjenning av innkalling og dagsorden              |
| Sak 11/14 | B   | Godkjenning av protokoll frå styremøte 14.02.2014   |
| Sak 12/14 | O   | Orientering frå administrerande direktør            |
| Sak 13/14 | O   | Rapport frå verksemda per februar 2014              |
| Sak 14/14 | B   | Revidert møteplan 2014                              |
| Sak 15/14 | B   | Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2013          |
| Sak 16/14 | B   | Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013            |
| Sak 17/14 | O   | Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest      |
| Sak 18/14 | B   | Risikostyring i Sjukehusapoteka Vest 2014           |
| Sak 19/14 | B   | Styringsmål for AD 2014                             |
| Sak 20/14 | O   | Økonomirutinar, internkontroll og fullmaktsstruktur |
| Sak 21/14 | B/O | Eventuelt<br>Skriv og meldingar                     |

### Lukka del

|           |   |                                                                                 |
|-----------|---|---------------------------------------------------------------------------------|
| Sak 22/14 | O | Status ESA-saka – Tilnærming og framdrift<br>(u. off. jf. Offentleglova § 23.1) |
|-----------|---|---------------------------------------------------------------------------------|

## Ope del

### B 10/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

#### Dokument delt ut i møte:

Nye styremedlemar fekk utdelte ein «styreperm» med informasjon om Sjukehusapoteka Vest og legemiddelbransjen.

#### Eventuelt

Ingen saker blei meldt til Eventuelt.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.



## **B 11/14 Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 14.12.2013**

### **Oppsummering:**

Ingen vesentlege innspel til protokollen.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 14. februar 2014.

## **O 12/14 Orientering frå Administrerande direktør**

### **Oppsummering:**

#### **Ope del:**

#### **1. Sjukehusapoteka Vest ved inngangen til 2014**

Presentasjon av Sjukehusapoteka Vest HF, frå etablering i 2002 og fram til i dag.

*Merknad frå styret:* Styret ønskjer ei orientering/oppfølging av kvalitet/tilstand av produksjonslokalet i Stavanger ved neste styremøte.

#### **2. Tildeling av kontrakt til legemiddelgrossist**

Alliance Healthcare Norge AS har blitt tildelt kontrakt som Sjukehusapoteka Vest sin nye grossist frå 1. januar 2015. Sjukehusapoteka har på vegne av RHF-a gjennomført anbodskonkurranse G2015 med formål å etablere ny grossistavtale frå 1. januar 2015. Avtalen omfattar levering av legemiddel og handelsvarer til sjukehusapotek og helseføretak.

#### **3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Ingen saker på dette punktet

#### **4. Oversikt over tilsyns-, kontroll-, og klagesaker**

Styret ber om å bli orientert på første styremøte etter møtet med Statens legemiddelverk.

#### **5. Oversikt over aktuelle høyringar**

*Merknad frå styret:* Høyringar som AD tykkjer styret må involverast i leggest fram for styret. Utover dette heldt det at svar på høyringar blir lagt fram for styret som vedlegg til sakspapira.

#### **6. Styresaker til oppfølging**

Styret omgjorde denne saka frå ei orienteringssak til ei beslutningssak, og var samstemte om at fullmakt berre bør ligge hos AD, slik at berre AD har myndighet til å krevje offentleg påtale.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styre tek meldingane til orientering, samt vedtek at AD er den einaste i føretaket som har fullmakt til å krevje offentleg påtale.





## O 13/14 Rapport frå verksemda per februar 2014

### Oppsummering:

HR-avdelinga har ved utgangen av februar 2014 hatt fokus på organisasjon, arbeidsmiljø, leining og medarbeidarskap. Avdelinga har òg hatt tett oppfølging av sjukefråverer, men har likevel opplevd ei auke her.

Aktiviteten på fagsida siste periode har vore knytt til oppfølging av krav til auka sal i publikumsavdelingane (PUB), kvalitetsprosjekt, miljøsertifisering og KULE-prosjektet. Planlegging av tiltak for å auke margin på varesal i publikumsekspedisjonane har krevja både interne og innleidde ressursar.

SAV har ved utgangen av februar ei omsetning som ligg 7,6 mill. under budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 0,8 mill. lågare enn budsjettmålet. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 0,2 mill. over budsjett og 1,3 mill. under budsjett. Samla resultat per februar er på 0,8 mill., noko som er 0,1 mill. over budsjett.

I verksemdsområda har det ved utgangen av februar vore høg aktivitet og god inntening i PRO og SHE, med resultat høvesvis på 0,3 mill. og 0,5 mill. over budsjett. Både AFR og Avdeling 145 viser resultat på høvesvis 0,5 og 0,9 mill. under budsjett. For AFR er det negative avviket spesielt knytt til lågare tenestetal til konsern. PUB ligg omtrent på budsjett. Administrasjonskostnader i apotek viser eit overforbruk på 0,3 mill. på grunn av manglande kostnadsfordeling til driftsavdelingar i Bergen, medan FAD-kostnader ligg 0,9 mill. under budsjett.

### Merknader frå styret:

Når det gjaldt den generelle oppbygginga av verksemdsrapporten, tykte styret at rapporten var for detaljrik, både kva gjaldt tekst og talmateriale. Dei ønskte difor denne rapporten noko «slankare». I tillegg ønskte styret at oppsummering/innleiing av rapporten i større grad skulle innehalde AD/administrasjonen sine vurderingar av føretakets driftssituasjon i høve til dei resultata som blir lagt fram (fokusområde framover, tiltak m.m.).

Under kapittelet om Medarbeidarar, uttrykte styret bekymring for det høge sjukefråveret i føretaket. Styret ønskte difor ei eiga sak om sjukefråveret på neste styremøte. Innan Økonomi ønskte styret å ha ei meir inngåande diskusjon om faste kostnader/auke i årsverk, men nøydde seg med at dette diskutert samtidig med langtidsbudsjettet.

Styret stilte spørsmål ved innleie av konsulentar i høve til arbeidet med å revidere beredskapsplanen. Styret såg her ei nytte ved å trekkje på interne ressursar i arbeidet med internrevisjonen. AD orienterte om at SAV frå 2013 har vore ein del av beredskapsøvingane, og at det har vore i administrasjonens interesse å nytta interne ressursar så langt det lar seg gjere. I situasjonar der det har vore vurdert fornuftig har det til visse føremål blitt nytta innleidd kapasitet.

I forbindelse med pasienttryggleik ønskte styret statistikk på kva legemiddelfeil som oppstår i kva del av behandlingsskjeda. AD svarte på dette ved å informere om at SAV vil invitere program for pasienttryggleik på besøk i den hensikt å få tilgang til å nytte datamaterialet inn i SAVs planleggingsarbeide, samt for å finne føretakets plass i programmet.

I høve til forskning uttrykte styret ønske om at det som faglig påfyll til styre leggst til rette for at dei som går i D-stillingar inviterast inn i styret for å presentere sine prosjekt.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek, med dei innspel som er framlagte, rapporten til orientering.



## B 14/14 Revidert møteplan 2014

### Oppsummering:

Møteplan for styremøter i 2014 blei gjennomgått, og følgjande forslag til endringar framkom:

|                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Styremøte 8. mai                                                           | Nytt tidspunkt: Frå kl. 10.00 til kl. 14.00                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Styremøte 4. desember                                                      | Administrasjonen finn ein annan mogleg møtedag                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Styreseminar med hovudtema rundt strategi og prisstruktur, 17-18 september | Her var litt av føremålet at styret fekk ei omvising i nye lokalar i Haugesund, men p.t. ser det ikkje ut til at lokala blir ferdigstilt til desse dagane. Styret føreslær difor at besøk i Haugesund leggst til november, og at det blir peikt ut ny lokasjon til strategisamling. Administrasjonen ser på moglegheiter rundt desse endringane, og sender ut nye innkallingar så snart dette er til stades. |
| Øvrige styremøter                                                          | Tidspunkt for styremøter endrast til kl. 13.45 til kl. 17.45                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Neste kalenderår                                                           | Variere møtedagar, slik at ikkje alle styremøter fell på torsdagar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |

### Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek, med dei innspel som er framlagte, revidert møteplan for 2014.

## B 15/14 Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2013

### Oppsummering:

Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest blei gjennomgått med kommentar frå styret om at årsresultatet burde spesifiserast med kronebeløp og disponering. Vedtaket blei i møtet endra i høve til dette.

Pensjonskostnaden for SAV i 2013 har auka meir enn sjølv lønskostnaden. SAV har delteke i lovpålagt pensjonsordning for apotek (POA). Dette er ei ytingsbasert ordning der kostnaden både for arbeidsgjevar og tilsette har auka, grunna underfinansiering i ordninga. Auka i pensjonskostnader er i hovudsak knytt til dette, og til endring i aktuarmessige føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden.

Revisor overleverte revisor si beretning i møtet, og hadde ingen vesentlege forhold å bemerke.

Styret gjev honnør til leiinga for å levere eit godt rekneskap med ei solid utvikling. Styret understreker samtidig at det ligg ein stor jobb bak å få Sjukehusapoteka Vest HF til å vise eit positivt årsresultat.

Det vart, etter formelt lovkrav, gjennomført møte mellom revisor og styret, utan administrasjonen til stades. Ut frå dette møtet kom det ingen merknader som Sjukehusapoteka Vest må følgje opp.

### Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF for 2013, og årets resultat på NOK 14 905 534 overførast til annan eigenkapital. Styret anbefaler at årsrekneskapet vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt årsrekneskap for 2013.





## **B 16/14 Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013**

### **Oppsummering:**

Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013 blei gjennomgått i møtet.

Styret ønskte også å bli orientert om kvifor kredittramma på MNOK 10,- som SAV har hatt i føregående år no er avløyst. Administrasjonen peika på at SAV i føregående år ikkje har trekt på denne kredittramma. Likviditeten i føretaket vurderast som god og totalvurderinga til administrasjonen er difor at SAV ikkje treng ei kredittramme. Føretaket har dermed avløyst kredittramma på MNOK 10. Styret var einige i denne vurderinga.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret vedtek, med endring, årsmelding 2013 for Sjukehusapoteka Vest HF.

## **O 17/14 Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest**

### **Oppsummering:**

Styringsdokument for Sjukehusapoteka Vest 2014 blei gjennomgått i møtet.

Styret hadde følgjande kommentarar til vedlegg 1 – Vedteke Styringsdokument 2014 for sjukehusapoteka Vest:

- **3.3 Kvalitet og pasienttryggleik**  
I høve til skader som kan reduserast med 50%, ønskjer styret statistikkar på kva som er knytt til legemiddelskader.
- **3.7 Opplæring av pasientar/pårørande**  
Til mairapporteringa ønskjer styret at det seiast noko om kvar SAV kan bidra til pasient- og påørandeopplæring.

Ettersom det i forslag til vedtak frå sakshandsamar stod at styret skulle ta saka til *etterretning*, omgjorde styret denne saka frå ei orienteringssak til ei beslutningssak.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar saka til etterretning og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Sjukehusapoteka Vest HF vil rapportere på Styringsdokument 2014 i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.



## **B 18/14 Risikostyring i Sjukehusapoteka Vest 2014**

### **Oppsummering:**

Risikostyring i Sjukehusapoteka Vest 2014 blei gjennomgått i møtet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret vedtek plan for Risikostyring 2014 og ber om rapportering på risiko for tertial 2 og 3 i 2014.

## **B 19/14 Styringsmål for AD 2014**

### **Oppsummering:**

*Sak utsatt*

### **Vedtak (samrøystes):**

*Sak utsatt*

## **O 20/14 Økonomirutinar, internkontroll og fullmaktsstruktur**

### **Oppsummering:**

Økonomirutinar, internkontroll og fullmaktsstruktur blei gjennomgått i møtet. Styret stilte spørsmål om korleis administrasjonen følgjer opp etterleving av gjeldande rutinar. Det vart opplyst at innan personalområdet vert det gjennomført årlege undersøkingar med omsyn til oppfølging av arbeidsmiljø, HMS og medarbeidersamtalar. Det har siste åra vore gjort intern revisjon frå Intern revisjon i Helse Vest av økonomifunksjonar. Det er vidare sett i verk arbeid med nytt styringssystem som vil inkludere metode og rutinar for oppfølging.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.

## **B/O 21/14 Eventuelt**

Ingen saker under Eventuelt.

## **Lukka del**

## **O 22/14 Status ESA-saka – tilnærming og framdrift**

### **Oppsummering:**

Administrasjonen presenterte status for saka, og drøfta med styret naturleg vidare saksgang. Denne saka tas opp att på neste styremøte, 8. mai, med status.

Kommentar frå styret i høve til vedlegg 1, prosjektdirektiv ESA, punkt 11, prosjektavslutning – akseptanskriterier: Sluttrapport skal leverast 20.06.2014, ikkje 20.05.2014, slik det feilaktig framkjem i prosjektdirektivet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.



## Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Ingen

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

Ingen





Ref. Thomas Garnes

04.03.2014



Maria Borch Helsengreen  
Styreleiar



Jon Bolstad  
Styremedlem



Per Karlsen  
Styremedlem



Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem



Marianne Saugestad  
Styremedlem



Olav Godtfred Klausen  
Nestleiar



Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem



Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem



Nina Carstens  
Styremedlem